



Tiril Eirunn Einarsdotter spelar ein kvikk gig samstundes som ho held to rockeringar i gang! (Foto: Ola Matti Mathisen)


**”Røysterett for alle” var i særst godt slag då koret song i Helgheim på torsdagskvelden. Dirigent Maria Malmsten tykte at songarane, avslappa og tente som dei var, presterte noko opp mot det beste dei kan. Likevel blir nok ingen fornærma når vi slår fast at det var dottera hennar, Tiril Eirunn Einarsdotter (såvidt fylt 11 år) som stjal showet!**



Tiril Eirunn spelar saman med mor Maria. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho har spela fele sidan ho var fem og i sikkert samspel med mora på fløyte viste ho at eplet sanneleg ikkje fell langt frå den musikalske stamma i dette tilfellet heller.

Ein "sorglåt" frå Helsingland og ein polska frå Maria sin heimtrakt i Jämtland innleia sekvensen med dei to og så kom ein barokksats av ukjend komponist.



Svein Rimestad leia "Syng med oss" og var sjølv solist i "Kvannsanketid". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men det var særleg under dei to siste numra unge Tiril Eirunn imponerte, for då mestra ho ikkje berre fela men høvesvis også både ein og to rockeringar samtidig som ho spela "Røysterett-slagaren" Tourdion og ein gig. Får vi sjå Stordjenta i eit nytt "prestasjons-oppgjer" på TV?

Likevel må vi ikkje gløyma at ei Uskedalsjente med talent for piano, Ingebjørg Haugland, opna konserten slik vi veit ho kan det.

Diverre hadde berre rundt 30 fylgd oppmodinga om å komma til Helgheim og syngja saman med 20-åringen og det hadde truleg noko med marknadsføringa å gjera.

Gjennom 10 nummer gav koret eit tverrsnitt av det mangfaldige repertoaret sitt dei siste åra. Eit unnatak var det og det var den krevjande "Til havs med solfylta segel" som vi sikkert får høyra mange gonger i åra som kjem. Her er det som om vinden bles gjennom lokalet!

Men koret starta med ein folketonesekvens der vi fikk høyra ei bruremarsj frå Østerdalen, ei voggevis, ein bånnull frå Gudbrandsdalen og klassikaren "Venta ikkje...."

I neste avdeling kom songar som er sunge både titt og ofte av "Røysterett for alle" ii jubileumsåret: "Vandringsvis" og "Malene" av Odd Nordstoga, som ikkje er dei enklaste eit kor kan gje seg i kast med men som koret no mestrar til fulle. Tirill Eiunn medverka i vandringsvisa.

Også "Those were the days" sit som ein innertiar og "Kvannsanketid" med leiar og oversettar Svein Rimestad som solist nærmar seg likeeins det fullkomne. Dei sette punktum før "Tourdion" kom som eit ikkje uventa ekstranummer.

Frode Kaldestad var som vanleg ein sikker akkompagnatør under mykje av konserten.

Det var Svein som leia arrangementet - også allsongen som ramma inn ei triveleg matøkt med loddsal.

Av Ola Matti Mathisen





"Røyserett for alle" syng i Helgheim torsdag.(Foto: Ola Matti Mathisen)